

## Svar på spørsmål frå Bjørkly (H) - Krysset Gravdalsveien-Sjøkrigsskoleveien (Bergen kommune)

I e-post dagsett 10. februar stiller representant Silja Ekeland Bjørkly (H) spørsmål om krysset Gravdalsveien-Sjøkrigsskoleveien i Bergen kommune. Ho skriv:

I Bergensavisen frå den 1. februar kan vi lese om bebuarar som gjennom 40 år har kjempa for eit fotgjengarovergangsfelt i krysset Gravdalsveien/Sjøkrigsskoleveien. Vegen vert nytta som skuleveg for fleire skuleborn, og mange må krysse vegen for å komme seg til skulen. Som eit trafikktryggingstiltak har ein omgjort vegen til forkørsveg. Ifølge bebuarar har dette ført til auka fart. Ifølge artikkelen er fylkeskommunen kjend med at vegen har vore eit problem for bebuarar i ein årrekke. Det vert og sagt at fylkeskommunen ønsker å gjere noko med krysset, og betre forholda for myke trafikantar.

### **Spørsmål:**

Når er det planlagt å gjere noko med krysset og betre høva for myke trafikantar i Gravdalsveien?

### **Svar frå fylkesdirektøren**

Fv. 5206 Gravdalsveien er ca. 750 m lang. Vegen har fartsgrense 50 km/t, og årsdøgntrafikken ligg mellom 5000 køyretøy ved Lyderhornsveien og 2000 køyretøy ved snuplassen i Gravdal. Det er busstilbod på strekninga. Det er ikkje registrert trafikkulykker med personskade etter 2010.

Det langsgåande tilbodet til myke trafikantar er einsidig fortau som går over i gang- og sykkelveg på siste delen. Det er dels smalt fortau på deler av strekninga.

Det er gangfelt ved idrettsanlegget ca. 100 m vest for Lyderhornsveien, men det er elles ikkje merka gangfelt andre stader i Gravdalsveien. For kryssområdet med kommunal veg Sjøkrigsskoleveien er det gjennomført registreringar av kryssingsaktivitet mm., og det er avklart at det er fagleg grunnlag for gangfelt.

Det er trond for oppgradering av det langsgåande tilbodet for myke trafikantar i Gravdalsveien, men det ligg ikkje føre ferdige planar. Strekninga frå Lyderhornsveien og fram til krysset med kv Sjøkrigsskoleveien vert omfatta av pågående privat planarbeid for Simonsviken næringsområde (tidl. Blikkvalseverket) der tilbod til gåande/syklande er ein del av planavklaringa. Dette planarbeidet er so langt ikkje ferdig, slik at eit oppgradert langsiktig tilbod vil kunne ligge ein del fram i tid.

Med omsyn til krysset med Sjøkrigsskoleveien der framtidig løysing også er tenkt avklart i planarbeidet for Simonsviken, vil fylkesdirektøren gjennom Miljøloftet vurdere avgrensa tiltak i kryssområdet med føremål å etablere eit gangfelt. Med etterhald om finansiering og evt. uføresette tilhøve kan tiltak tidlegast vere realisert i 2022.